

Maria Magdalena Gundersen Marøy  
ROSSNESVEGEN 151  
5937 BØVAGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/186 - 22/4719

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
18.01.2022

## Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 424/128 Kvalheim nedre

Tiltak: Søknad om arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr 424/128  
Tiltakshavar: Maria Magdalena G. Marøy

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.01.2022.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Område sett av til bygg og anlegg i kommunedelplan for Radøy skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til arealoverføring. Omsøkt areal ligg innanfor planformål framtidig bustad. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå føresegn 2.1 – Krav om reguleringsplan- i kommunedelplan for Radøy (tidlegare kommuneplan). Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte dokument. Me gjer merksam på at søknad om dispensasjon også skal nabovarslas.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.